

Leigekontrakt og hus reglar for leige av Klubbhuset til Viljar

1. Leigetilhøvet omfattar leige av Klubbhuset til IL Viljar.
2. Det vert sendt ut faktura for leiga i etterkant.
Fakturaadresse må sendast på mail til utleigar, klubbhuset.viljar@gmail.com

Kontaktpersonar for visning og utlevering av nøklar er:
Stig Arnesen, mob: 90793302 / e-post: stiarnes@online.no
Heidi Ure, mob: 48171331 / heidi-ure@hotmail.com
3. Leigetilhøvet omfattar fylgjande rom, storsal, kjøkken, toalett og garderobe.
Om leigetakar har innvendingar mot at utleigar nyttar andre rom i huset under tilstellinga må dette avklarast i forkant.
4. Bruk av Klubbhuset skal skje innan dei rammer som er nedfelt i denne avtale.
5. Leigetakar er ansvarleg for at Klubbhuset ikkje vert nytta slik at omdømet til Klubbhuset eller Idrottslaget Viljar vert skada. Det må takast omsyn til annan idrottsleg aktivitet i området og at naboar i området ikkje vert uroa unødig.
6. Det må vidare takast omsyn til at toalett v/hovudinngangen er open for brukarar av idrottsanlegget og Bømoløypa alle dagar mellom kl.10.00 og kl.22.00.
7. Det er ikkje tillete med røyking i huset. Ved røyking utomhus skal oppstilte askebeger nyttast.
8. Eventuell bruk av alkohol skal ikkje skje i tilknytning til fotballbane, løpebane og ski/leike-anlegg med tilhøyrande parkeringsareal.
9. Leigetakar er ansvarleg for skadar på hus og inventar ved leigetilhøvet.
utbedring av skadar skal skje av leigetakar eller for leigetakar si rekning.
Leigetakar skal vidare kontrollere hus og inventar for synlege skadar før bruk, og rapportera desse til Stig Arnesen, mob: 90793302 omgåande.
10. Leigetakar er ansvarleg for at ingen nyttar andre rom enn dei som er omfatta av denne leigekontrakt, ref pkt 3.
11. Leigetakar plikter å setje seg inn i fylgjande instruksar:
 - a. Kjøkkeninstruks
 - b. Oversikt møblering
 - c. Instruks for fyring i peis

12. Ved avslutning av tilskipinga har leigetakar ansvar for at
 - a. Alle personar er ute av huset
 - b. Alle vindauger og dører er stengt/låst
 - c. Levande lys er sløkt
 - d. Eld i peis er utbrent
 - e. Komfyr, kaffitraktar og andre liknande artiklar er slått av
 - f. Alle elektriske lys er slått av
 - g. At det er naudsynt varme på i bygget

13. Før nøklar blir levert attende, og seinast dagen etter leigetilhøvet, har leigetakar ansvar for fylgjande tiltak:
 - a. Kjøkken er rydda og reingjort i høve til eigen instruks
 - b. Bord og stolar er reingjort og plassert i fylgje møbleringsplan
 - c. Lokala er rydda og støvsugd
 - d. Uteareal er rydda for bos og liknande
 - e. Bos er plassert i container

Golvvask og vask av toalett er inkludert i leigevederlaget.
Brot på nemnde vilkår kan etter varsel medføre at utleigar kan iverksetje rydding/reingjering for leigetakar si rekning.

14. Vaktmeister/driftsansvarleg kan ved bråk/uro eller etter klage frå naboar, til einkvar tid inspisera lokala under tilstelninga. Om naudsynt kan det bli gjeve pålegg til leigetakar.

15. Ved tilskipingar pliktar leigetakar å ta omsyn til politivedtekter og andre offentlege føresegner.

16. Leigetakar er ansvarleg for at nyklar blir leverte tilbake til avtalt tid.

Styret, klubbhuset til Viljar